



# Kaktus

Tørkle

---



- 
- |                         |   |
|-------------------------|---|
| <b>Størrelse:</b>       | Så stort du vil                           |
| <b>Garn:</b>            | Ca. 40-50 g HS Angel eller anna tynt garn |
| <b>Pinne:</b>           | 3 – 3,5                                   |
| <b>Strikkefastheit:</b> | Ca. 30 m pr 10 cm                         |
-

Dette tørkledet er strikka med I-cordkant på begge sider medan du strikker. Då vil du få ein fin kant rundt heile heilt saumlaust utan at du treng å plukke opp masker. Det er nok med 50 gram med tynt garn, så perfekt til å bruke opp einsamme nøster.

Strukturmønsteret har eg kalla kaktusmønster.

Du auker på kvar 8. omg. på høgre side.

## Forkortinger:

**VS** - Vrangside

**RS** - Rettseite

**LLS** - løft, løft, strikk: Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridde rett. Maskane skal då legge seg mot venstre = 1 m felt.

## Oppskrift:

Legg opp 8 m. Snu.

1. omg. VS: Strikk vrang til det er 3 m igjen av omg. Løft av dei 3 siste m med garnet framfor arbeidet. Snu.

2. omg. RS: Strikk 3 rett. **AUK 1 m ved å løfte opp tråden mellom 2 m og strikk denne vridde rett.** Strikk rett til det er 3 m igjen. Løft av dei 3 siste m med garnet bak arbeidet. Snu.

3. omg. VS: Strikk 3 m vrang \*1 m rett, løft av 1 m med garnet framfor arbeidet\*, gjenta \*-\* til det står igjen 3 m (strikk evt. ein ekstra m rett) Løft av dei 3 siste m med garnet framfor arbeidet. Snu.

4. omg. RS: Strikk 3 rett. Strikk kaktusmønster slik maskene viser\* (Strikk rett over den vrangle masken, løft samme m som vart løfta på forrige omg. med garnet bak arbeidet) \* gjenta \*-\* til det står igjen 3 m (strikk evt. ein ekstra m rett) Løft av dei 3 første m med tråden bak arbeidet. Snu.

5. omg. VS: Strikk vrang til det er 3 m igjen av omg. Løft av dei 3 siste m med garnet framfor arbeidet. Snu.

6. omg. RS: Strikk rett til det er 3 m igjen. Løft av dei 3 siste m med garnet bak arbeidet. Snu.

7. omg. VS: Strikk 3 m vrang \*1 m rett, løft av 1 m med garnet framfor arbeidet\*, gjenta \*-\* til det står igjen 3 m (strikk evt. ein ekstra m rett) Løft av dei 3 siste m med garnet framfor arbeidet. Snu.

8. omg. RS: Strikk 3 rett. Strikk kaktusmønster slik maskene viser \*(Strikk rett over den vrangle masken, løft samme m som vart løfta på forrige omg. med garnet bak arbeidet) \* gjenta \*-\* til det står igjen 3 m (strikk evt. ein ekstra m rett) Løft av dei 3 siste m med tråden bak arbeidet. Snu.

La dei nye m verte ein del av kaktusmønsteret etterkvart som du auker.

Gjenta 1. - 8. omg. til du har brukte opp halvparten av garnet ditt, eller til halvparten av ønska lengde.

## Så skal du begynne å felle:

1. omg. VS: Strikk vrang til det er 3 m igjen av omg. Løft av dei 3 siste m med garnet framfor arbeidet. Snu.

2. omg. RS: Strikk **2** rett. **LLS.** Strikk rett til det er 3 m igjen. Løft av dei 3 siste m med garnet bak arbeidet. Snu.

3. omg. VS: Strikk 3 m vrang. Strikk kaktusmønster slik maskene viser \* (Strikk rett over den vrangle masken, løft samme m som vart løfta på forrige omg. med garnet framfor arbeidet) \*, gjenta \*-\* til det står igjen 3 m (strikk evt. ein ekstra m rett) Løft av dei 3 siste m med garnet framfor arbeidet. Snu.

4. omg. RS: Strikk 3 rett. Strikk kaktusmønster slik maskene viser\* (Strikk rett over den vrangle masken, løft samme m som vart løfta på forrige omg. med garnet bak arbeidet) \* gjenta \*-\* til det står igjen 3 m (strikk evt. ein ekstra m rett) Løft av dei 3 første m med tråden bak arbeidet. Snu.

5. omg. VS: Strikk vrang til det er 3 m igjen av omg. Løft av dei 3 siste m med garnet framfor arbeidet. Snu.

6. omg. RS: Strikk rett til det er 3 m igjen. Løft av dei 3 siste m med garnet bak arbeidet. Snu.

7. omg. VS: Strikk 3 m vrang. Strikk kaktusmønster slik maskene viser \* (Strikk rett over den vrangle masken, løft samme m som vart løfta på forrige omg. med garnet framfor arbeidet) \*, gjenta \*-\* til det står igjen 3 m (strikk evt. ein ekstra m rett) Løft av dei 3 siste m med garnet framfor arbeidet. Snu.

8. omg. RS: Strikk 3 rett. Strikk kaktusmønster slik maskene viser \*(Strikk rett over den vrangle masken, løft samme m som vart løfta på forrige omg. med garnet bak arbeidet) \* gjenta \*-\* til det står igjen 3 m (strikk evt. ein ekstra m rett) Løft av dei 3 siste m med tråden bak arbeidet. Snu.

Gjenta 1. - 8. omg. til du har 8 m på pinnen.

Med maskesting syr du saman I-corden med møtande I-cord.

Sy saman I-corden i starten av omg også.

**Pass på at dei løfta maskene kjem rett ovanfor kvarandre. Etter kvart som du auker, fyller du på med kaktusmønster i sidene.**

**NB!** Løft av masker som om dei skulle strikkast vrang.

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk og #kaktustørkle om du vil. Lykke til!

Elisabeth